

Fra: Nornes, Anbjørg (fmsfano@fylkesmannen.no)

Sendt: 24.08.2017 14:55:48

Til: Distad Noralv; Gunn Åmdal Mongstad ; Iiril Schau Johansen; Olav Turvoll; Sigbjørn Hauge; Solheim Jan Geir

Kopi: Anita Lærum; Bjørg Djukastein; Britt Sanden; Hilmar Høl; Marianne Bøthun ; Stein Inge Ryssdal; *FMSF Postmottak; Aasland, Øistein; Arlen Synnøve Bidne (arlen.synnove.bidne@sfj.no); Aurland kommune; David J Aasen Sandved; Dybwad, Tom; Erling Oppheim; Fylkesmannen i Hordaland, *Postmottak; gunnar.bergo@voss.kommune.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; INGVILL LEIRA; Kristoffer Ullem Hansen (kristoffer.ullem.hansen@miljodir.no); Leif Inge Undredal; Lærdal kommune; Magnhild Aspevik; Siri Wølneberg Bøthun; SF Fylkeskommune; Svein Tufte (svein@borgen-gard.no); Veronika Seim Bech; Vik kommune (postmottak@vik.kommune.no); Voss kommune

Emne: Nærøyfjorden verneområdestyre, møteinnkalling 4. og 5. september 2017

Vedlegg: Møteinnkalling .PDF

Hei

Sender vedlagt møteinnkalling til møte 4. og 5. september. Utkast til besøksstrategi vert sendt ut før møtet. Eg tek med nokre papireksempplar av strategien.

Måndag 4. september startar me med båt til Dyrdal og vidare til Stigen. De må ha gode kle etter veret, og sko til å gå på sti i utmark. Ta med niste med mat og drikke for heile måndagen. Det vert middag på Stigen om kvelden. Me får frukost og nistemat på tirsdag. Før middag kan dei som vil nytta badestampen. Til opphald på Stigen må de ta med handklede, evt. badekle, lakenpose og termos (til te/kaffi til nista på tirsdag).

Det er ikkje straum på Stigen. Dei som har behov for å lade telefon eller anna elektronisk utstyr, må ta med eigen powerbank.

Reiseplan med fordeling på transport:

Noralv Distad og Jan Geir Solheim møter på kaien i Aurland måndag 4. september kl. 9.45. Kristoffer Ullem Hansen hentar dykk med SNO båten her, og bringer dykk tilbake til same stad tysdag 5. september.

Olav Turvoll køyrer bil til Undredal måndag 4. september. Kristoffer hentar deg på kaien i Undredal kl. 9.55. Du får skyss tilbake til Undredal 5. september.

Sigbjørn Hauge, Gunn Åmdal Mongstad, Iiril Schau Johannsen og Anbjørg parkerer bilane i Gudvangen 4. september (sei frå om de vil sitte på med meg tur/retur Voss). Me tek ferja frå Gudvangen kl. 9.30. Tysdag 5. september køyre Kristoffer oss med båt til Undredal. Olav køyrer frå Undredal til Gudvangen, der me hentar bilane våre.

Meld frå snarast om de ikkje har høve til å vera med på møtet/turen. Det er berre å ta kontakt med meg om de har spørsmål til reiseplanen, eller andre ting når det gjeld møtet og turen.

Helsing

Anbjørg Nornes

Verneområdeforvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre

Stølsheimen verneområdestyre

Tlf.:57 64 31 29/99 49 97 53

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naroyfjorden/>

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Stolsheimen/>

